



Arkivsaknr: 2024/10777-3
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Nordhordland Næringslag - Søknad om støtte til opprettelse av styreportal i regi av Nordhordland Næringslag

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Søknad om støtte til opprettelse av styreportal i regi av Nordhordland Næringslag vert tildelt kroner 40 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn

Nordhordland Næringslag er ei foreining/lag/innretning. Bransje: 94.991 Aktivitetar i andre interesseorganisasjonar ikkje nemnt annet sted. Registrert 25.09.2004. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar

Nordhordland Næringslag er ein medlemsorganisasjon med cirka 370 medlemsbedrifter innan ulike bransjar i heile Nordhordland. Organisasjonen har som oppgåve å ivareta næringslivet sine interesser og er lokalisert i Knarvik med 3 heiltidstilsette.

Om prosjektet

Prosjektet startar opp 1. oktober 2024 og er forventa gjennomført 1. mai 2025.

Nordhordland Næringslag ønskjer å vere ein overordna tilretteleggjar for å drive næring i Nordhordland, og i forbindelse med strengare krav om auka kvinneandel i styre over ein viss størrelse frå juni 2025, ønskjer næringslaget å tilby ein styreportal til medlemsbedrifter og

andre bedrifter. I denne portalen kan både kvinner og menn kan leggje inn si erfaring med styreverv og bedrifter kan søkje etter aktuelle kandidatar til styreverv. I portalen ønskjer ein å få oversikt over dei ulike strykekandidatane si utdanning, kvalifikasjonar, bransjeerfaring, erfaring frå profesjonelt styrearbeid, referansar etc.

Nordhordland Næringslag har i haust vurdert ulike styreportalar som finns på marknaden for å finne ut kva løysing ein ønskjer å ta i bruk og ein har blant anna sett på Styrekandidat Vest si løysing: «Vi koplar deg som er interessert i styreverv, med bedrifter som søker styremedlemmer». Styreportalen skal koplast opp til og leggjast ut på heimesida til Nordhordland Næringslag. Til dette arbeidet får ein hjelp frå Argonville AS, ein lokal aktør innan blant anna digital marknadsføring.

Sjølve styreportalen vil Nordhordland Næringslag vere aleine om, men for å auke kompetansen om og interessa for styreverv i heile regionen, vil næringslaget samarbeide med Industriutvikling Vest (IUV), Klar bedrift, Gulen og Masfjorden Utvikling (GMU) og medlemsbedrifter om styrekurs og arrangement knytt til styrearbeid, samt foredrag og innlegg om relevante tema. Eksterne foredragshaldarar vil og verte engasjert til relevante tema.

I oktober vil ein til dømes gjennomføre ein damekveld versjon 2.0, som vil vere ein oppfølgjar av damekveld 1 i november 2023. Då vil ein invitere kvinner i Nordhordland med interesse for leiande stillingar og som ønskjer meir informasjon om styreverv til å få inspirasjon og mogelegheit til å hauste erfaring frå kvinner som har styreverv. Her vil ein presentere ulike tema og leiar for styreforeininga Vest vil blant anna informere om eigen erfaring med styrearbeid. Ein ønskjer også å tilby samlingar og kurs om ulike tema innan styrearbeid og våren 2025 vil ein til dømes tilby styrekurs/dagleg leiar/leiarkurs for både menn og kvinner. På sikt ønskjer ein óg å tilby mentorordning.

Prosjektleveranse / målsetting

Målet med dette utviklingsprosjektet er å få fleire til å ta styreverv og lage ein oversikt over strykekandidatar. Ein slik styreportal vil vere eit verktøy som koplar næringsliv og aktuelle styrekandidatar som ønskjer styreverv. I Nordhordland er det relativt sett få kvinnelege daglege leiarar og kvinnelege styremedlemmer vil vere ein knapp faktor dei neste åra. Ein vil derfor ha auka fokus på kvinnenettverk for å auke interessa, kunnskapen og kompetansen hjå kvinner om dagleg leiing og styreverv.

Nordhordland Næringslag vil auke profesjonaliteten i styrer og rammene rundt styrer, og ønskjer å vere den aktøren i Nordhordland som fasiliterer og formidlar størst kompetanse innan feltet. Ein slik styreportal vil komme heile Nordhordland til gode, både kvinner og menn samt heile næringslivet.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte til opprettelse av styreportal i regi av Nordhordland Næringslag	100 000	50 000	40 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Næringsfondet skal styrkje næringslivet i Alver kommune og støtte frå næringsfondet skal bidra til auka næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til dette.

Vurdering

Søknaden viser til at Nordhordland Næringslag ønskjer å gjennomføre eit utviklingsprosjekt for å opprette ein styreportal i Nordhordland. Næringslaget søker i hovudsak om støtte til kostnadene knytt til utvikling av ein slik styreportal samt støtte til fasilitering og formidling av aktivitetar som aukar både interesse og kompetanse innan styrearbeid. Ein styreportal koplar næringslivet og aktuelle kandidatar som ønskjer styreverv. Eit slikt verktøy vil ha stor betydning for næringslivet i regionen og gjere det mogleg for bedriftene å finne kandidatar til styreverv på ein god og effektiv måte. Eit godt styre er viktig for utviklinga av ei verksemd og ein styreportal vil kunne bidra til god framtidig rekruttering av styremedlemmer og styrke verksemdene i regionen, og dermed komme heile næringslivet i Nordhordland til nytte.

Alver kommune ser positivt på utviklingsprosjektet Nordhordland Næringslag ønskjer å gjennomføre i samarbeid med IUV, Klar bedrift, GMU og medlemsbedriftene. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som stimulerer til kompetanseutvikling, omstilling og nyskaping, samt samarbeid i næringslivet og dermed god næringsutvikling i Alver kommune.

Kommunedirektøren si tilråding

Prosjekt Søknad om støtte til opprettelse av styreportal i regi av Nordhordland Næringslag vert tildelt kroner 40 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

- 1 Søknad-2024-0039.pdf
- 2 Styreportal i Nordhordland Naeringslag - soeknad om midler fra Alver Naeringsfond
1.oktober 2024.docx
- 3 Krav til styresammensetning fra 2024 - 19.02.24.pdf